

Årsmelding for Syvde Sogelag for 2021

Årsmøtet vart halde i Kristitunet 24.08. 2021. Det var 10 frammøtte. Årsmelding og rekneskap vart godkjent. Rekneskapet synte eit overskot på kr. 16.302. Laget hadde siste året 99 betalande medlemmer. Det har i 2021 vore 2 styremøte og 6 saker har vore handsama.

Saker som laget har arbeidd med i 2021:

På grunn av pandemien har det også i 2021 vore eit spesielt år. I Kristitunet har det vore dugnad med tillaging av kjellaren, utgraving, støyping under grunnmur, nedstøyping av betongheller og reparasjon av grunnmuren. Takk til Jon, Magne og Kåre for mykje godt arbeid. Det har og vore dugnad med slåing og rydding rundt husa. Ein har i fleire år hatt lagra ein god del gjenstandar i driftsbygningen i Pålgarden. Eigarane treng no plassen sjølve og sogelaget har rydda og køyrt vekk alt så nær som eit lafta stabbur. Det skal flyttast til våren. Dei lagra tinga er plassert i gamlestova, men ein del måtte dessverre sendast til Lisseide.

Kulturminneplan: Etter mange år er kulturminneplanen ferdig. Planen finn ein på heimesida til Vanylven kommune. Det vert arbeidd med å få gje den ut i bokform.

Sørdal skule: Sogelaget har fått tilbod om å overta Sørdal skule som i mange år har fungert som grendahus. Det kan bli aktuelt å lage eit skulemuseum i huset. I så fall kan det og verte aktuelt med ei kulturløype i Saurdalen. Det er mange verneverdige kulturminne langs vegen, og skulen kan vere utgangspunkt for ei slik løype. Men inntil vidare har laget prioritert ferdiggjering av gamlestova i Kristitunet og ny bygdesoge.

Ny bygdebok:

Det er lenge sidan Bygdebok for SYVDE SOKN kom ut. I boka er det og ein del feil, særleg i den eldste delen. Olav Opsal med fleire har gjort ein stor innsats med samling av opplysningar og skrivning, og for halve Syvde er boka à jour fram til 2006. Det kan vere aktuelt å gje ut boka som E-bok. Syvde Sogelag har vore i kontakt med "Fantastiske Osberget" i Ulstein og Vanylven Sogelag som er i arbeid med ny utgjeving av ættesoge for Vanylven. Osberget skal lage database og har digitalisert Thunembøkene. Syvde Sogelag kan "henge seg på".

Tillitsvalde 2021:

Styret: Geir Nordal, leiar, på val kvart år. Geir Sandnes, nestleiar, ikkje på val i år. Magne Berge, kasserar, på val i år. Eli Nygård Kjøde, ikkje på val i år. Olav Opsal, på val i år. Varafolk: 1. Mindor Gjerde. 2. Kåre Paul Vikl. 3. Laila Gjerde. Desse har og fungert som valnemnd.

Medlemmer i skriftstyret for "Fotefar": Asbjørn Lade og Olav Opsal. Er ikkje på val i år.

Museumsnemnd for Kristitunet: Sissel Myklebust, leiar. John Myklebust, Olav Harald Vik,
 Disse er på ikkje val i år. Hans Riste og Gustav Landsverk, på val i år.

Revisor: Knut Brudevoll, på val kvart år.

For Syvde Sogelag

Geir Nordal

Geir Sandnes

Magne Berge

Eli Nygård Kjøde

Olav Opsal

INNKALLING TIL ÅRSMØTE.

Møtet skal haldast i Kristitunet torsdag 19. mai kl. 18. Vanlege årsmøtesaker. Ymse

Vel møtt !

Rekneskapsutdrag for Syvde Sogelag 2021

	2021	2020	2019	2018
<u>Inntekter</u>				
Grasrotandel Norsk Tipping	12730,41	7 956,71	6138,98	5094,58
Medlemskontingnt	25430,00	18 400,00	18600,00	20000,00
Kulturmidler Vanylven kommune	5109,15	3 523,97	3223,68	2654,87
Renter av bankinnskot	0	109,00	305,00	368,00
Sogebøker/Fotefar	4050,00	800,00	2730,00	600,00
Utleige Kristitunet/Gåver	1225,00	3 000,00	0,00	0,00
	<u>48544,56</u>	<u>33789,68</u>	<u>30997,66</u>	<u>28717,45</u>
<u>Utaifter</u>				
Kristitunet	21151,45	32122,88	67014,26	64545,36
Fotefar	8307,00	13465,00	8372,00	8372,00
Sogebøker	0,00	0,00	0,00	0,00
Støtteannonse Vanylven Sogelag	0,00	0,00	0,00	0,00
Div utgifter/porto	1623,00	4442,19	4567,60	1677,00
Bankkostnader	39,00	61,50	57,00	37,50
	<u>31120,45</u>	<u>50091,57</u>	<u>80010,86</u>	<u>74631,86</u>
<u>Resultat</u>	<u>17424,11</u>	<u>-16301,89</u>	<u>-49013,20</u>	<u>-45914,41</u>